

Produksjonsskule i Hardanger

-eit nasjonalt pilotprosjekt på Vestlandet

- eit tilbakeførande tiltak

Prosjektplan for produksjonsskule i Hardanger

Hordaland Fylkeskommune/Ulvik herad

1.7.2016

Din veg

Ingen har varda den vegen
du skal gå
ut i det ukjende
ut i det blå

Dette er din veg
berre du
skal gå han og det er uråd
å snu

og ikkje vardar du vegen
du hell
og vinden stryk ut ditt far
i aude fjell

-Olav H. Hauge



Hyssingen Produksjonsskule i Bergen


Bakgrunn

I 2015 etablerte Hordaland fylkeskommune pilotprosjektet *Hyssingen produksjonsskule* etter dansk modell. Produksjonsskulen er eit tilbakeførande tiltak for ungdom som har falle ut av både yrkesfagleg- og studieførebuaende programområde på vidaregåande skule. Produksjonsskulen sin metode er danning gjennom produksjon. Resultata frå Hyssingen i Bergen er svært positive.

Hyssingen produksjonsskule er primært eit tilbod til ungdom i Bergen. Målsettinga på Hyssingen er at femti prosent av ungdomane som er på skulen no skal vidareførast ut i framtidsbyggande aktivitet. Det er ei målsetting me ser på med optimisme.

Det skal vere eit tilbakeførande tiltak retta mot bestemte målgrupper (*tiltakskategori 4*). Målgruppa er ungdom mellom 15 og 21 år som står utan opplæring og arbeid, eller som treng å koma ut av sin daglege kontekst.

Oversiktstall for fråfall i Hordaland, delt mellom sentrumsnære Bergen kommune og resten av fylket:



Forklaring:

- **Ungdom utan aktivitet.** Desse er under oppfølging og rettleiing av OT, men har ikkje kome i aktivitet enno.
- **Ungdom på tiltak.** Desse er i tiltak via HFK eller NAV, eventuelt i kombinasjon av desse.
- **Ungdom med ukjent aktivitet.** Desse er ungdom som vi kjenner ved namn gjennom lister som er overført frå Vigo, men som vi ikkje har oppnådd kontakt med til trass for oppringingar, SMS og brev.
- **Syk/ institusjon:** Ungdom som ikkje er i stand til å ta/ få oppfølging pga. sjukdom eller anna.

Danningsomgrepet står sterkt i produksjonsskulen og verdien av eit opphald her er meir enn det faglege. Danning gjennom produksjon er sjølv metoden og tilbakemeldingar frå ungdomane sjølve og deira føresette er at dei ser ei god utvikling, som gir naudsynt lærdom og gjer den enkelte i stand til å ta gode val. Vi ser ungdomar som opplever å meistra og høyra til, opparbeider seg sjølvtilitt og kompetanse til å kunna lukkast i utdanning eller arbeidsliv. Verkstadgruppene på Hyssingen er små, noko som bidreg til å skapa tillit og til å kunne gje god oppfølging for den enkelte. Ei slik tillit gjer ein i stand til å gje ei avklaring og hjelpe med utfordringar særleg med omsyn til psykisk helse.

Konklusjonen etter Hyssingen produksjonsskule sitt første driftsår, er at dette er eit tiltak som reduserer fråfall og hjelper ungdomar til å ta dei rette vala, og skape ei god framtid for seg sjølv.

Hordaland fylkeskommune ynskjer å vidareutvikle og satsa på produksjonsskule, som eit viktig og effektivt tiltak mot fråfall i vidaregåande skule.

Fråfall er òg eit problem som råkar distrikta, difor er det behov for eit tilbod til dei utanfor pendlaravstand til Bergen sentrum. I tilknytning til «*Program for bedre gjennomføring i vidaregåande*

opplæring" og som ei utviding av Hordalandsmodellen for produksjonsskule, vil Hordaland fylkeskommune utvide tilbodet til òg å omfatte eit heildøgntilbod.

Hordaland fylkeskommune har konkludert med at det er trong for to produksjonsskular i regionen; Hyssingen produksjonsskule i Bergen sentrum der kring halvdel av fråfallsungdomen kan få eit tilbod, og ein heildøgns produksjonsskule i distriktet som kan fange opp ungdomar frå resten av fylket. Nabofylka i ein eventuell vestlandsregion kan bli inkludert, då her er butilbod/internat.

Hyssingen erfarer at for ungdomar med særlege utfordringar på heimebane er ikkje eit reint dagtilbod tilstrekkeleg for å kunna ivareta deira komplekse livssituasjon. Dette stemmer med OT/PPT sine erfaringar i Hordaland. Produksjonsskule i distriktet skal vera eit alternativ for ungdomar i Bergen som treng miljøskifte. Hordaland Fylkeskommune eig Hjeltnes vidaregåande skule i Hardanger. Den har internat og er ein integrert del av eit gardsbruk. Hjeltnes har vore ein del av Hordaland fylkeskommune si Ny- GIV satsing med bl.a. kompetansegivande korte kurs for fråfallsungdom.

HFk ynskjer å vidareutvikle produksjonsskule satsinga med eit heildøgntilbod på Hjeltnes i Ulvik og meiner den kan ivareta alle dei ynskja og verdiane ei slik plassering skal ha, og vere grunnlag for eit pilotprosjekt av nasjonal verdi.



Formål med prosjektet (effekt mål)

Talet på unge uføre aukar nasjonalt, og på ti år er det blitt 5 200 fleire i landet. Unge uføre er definert som mottakar av uføretrygd i alderen 18 til 29 år (*Ellingsen, 2015*).

Kostnadane knytt til fråfall i den vidaregåande skulen blir då betydelege både for den enkelte og for samfunnet. På oppdrag for Kunnskapsdepartementet gjennomførte Senter for økonomisk forskning i 2009 ei undersøking av kostnadar knytt til fråfall og forseinkingar i vidaregåande skule. Rapporten syner ein sterk indikasjon på at det er betydeleg potensiale for samfunnsøkonomisk gevinst ved å redusere fråfallet og forseinkingar i vidaregåande opplæring (*Falch et al, 2009*). Auka gjennomføring på vidaregåande skule bidreg positivt til økonomien og livskvaliteten til kvar enkelt og til samfunnet som heilskap. Fullføring av vidaregåande utdanning gjer det sær sannsynleg at ungdom held fram

med utdanning, og ved fullføring av ein yrkesfaglig utdanning er det sær sannsynleg at ungdom blir sysselsett i heil stilling (*Falch og Nyhus, 2011*).

Til trass for nasjonale og regionale satsingar er fråfallet framleis høgt. I følgje Kunnskapsdepartementet (*Raaum 2014*) er prosentandelen for elevar som har fullført og bestått innan fem år betydeleg lågare for elevar innan yrkesfaga enn for dei som tek studieførebuande program. I perioden 2008–2013 var det omlag 57% på nasjonalt nivå som fullførte yrkesfagleg utdanningsprogram, og 84% som gjennomførte studieførebuande program.

Talet på skulesluttarar i Hordaland i skuleåret 2014/15 var 732 elevar. Hordaland fylkeskommune har som mål å redusera fråfallet ved dei vidaregåande skulane med fem prosent. Opplæringslova §9a stadfestar at «alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring og som gir elevane eit godt grunnlag for meistring og utvikling». For å sikre ein helsefremjande skule er det behov for å vidareutvikle og auke tilbodet til ungdom som fell utanfor dei gitte premissane. Skuletrøytteik, feilval og psykiske problem er dei årsakene som elevar oftast gjev som fråfallsgrunn.

Nasjonale effektmål for produksjonsskuleprosjektet er å:

1. Redusere ungt *utanforskap* ved å gje ungdomane sjølvtilitt og sjølvverd gjennom meistring og danning.
2. Tilbakeføre ungdom til utdanning eller arbeid .
3. Bidra til berekraftig samfunnsutvikling gjennom aktivering av ungdomen sin kompetanse og samfunnsengasjement.
4. Bruke garden som ein ressurs for ungdom.

Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjekt mål)

Skulen på Hjeltnes ligg i Ulvik herad i Hardanger og har god tilkomst frå heile Hordaland, via Voss eller Hardanger. Garden og skulen har vore grunnlag for utdanning og kompetanseheving i fleire generasjonar. Ungdom som har gått her, har i alle desse åra staka ut sin veg i livet både fagleg og sosialt.

Skulen på Hjeltnes har lang erfaring og alle føresetnader til å verta ein ypperleg arena til å få fråfallsungdomar tilbake i skule eller arbeidsliv. Stadig fleire ungdomar har det vanskeleg. Anten med det miljøet dei er i, eller i høve opplevde krav samfunnet stiller. Ei tid i eit mindre og avskjerma miljø der dei kan konsentrere seg om det dei er interessert i, utan skulefaglege krav, kan vere det som skal til for å kome tilbake igjen. Kombinasjonen tett fagleg oppfølging, god og sunn mat i kantina, døgnrytme og eit trygt sosialt liv på internatet, gir rammer for at ungdomar kan utvikle evnene sine og ha høve til å skapa ei trygg framtid.

Forsking viser at grøn omsorg gjennom kontakt med dyr og natur har gunstig effekt på psykisk helse (*Sempik et al, 2010*). *Inn på Tunet* representerer tenester som skal gi meistring, utvikling og trivsel (*LMD og KRD, 2012*). Ved å plassere ein desentralisert produksjonsskule på garden Hjeltnes, vil ein kunne utvide og gje eit anna verkstadstilbod enn på Hyssingen i Bergen. Verkstadane skal bl.a. kunna appellere og vere effektive for ungdom med t.d. psykiske utfordringar. I Hordaland er litt under 50% av ungdomane i OT/PPT jenter. Dessa kan ha behov for eit anna tilbod, som Hjeltnes vil kunna ivareta.



Ved utgangen av prosjektperioden skal det:

1. Vere utarbeida forslag til ein overførbar nasjonal modell for produksjonsskule i Norge
2. Hjeltnes produksjonsskule skal ha gitt tilbod til mellom 150 til 200 ungdommar i løpet av prosjektperioden.
3. Vere sett i gang forskingsprosjekt som føl og evaluerer prosjektet. For å kunna dokumentera effekten av pilotprosjektet ynskjer vi å kople på forskarmiljø ved, til dømes UiB/Uni Research Rokkansenteret.
4. Vurderast om det bør etablerast ein permanent desentralisert produksjonsskule med døgntilbod på Hjeltnes.
5. Greiast ut og leggjast til rette for europeisk samarbeid.
6. Lagast og prøvast ut eit forslag til ein modell som kombinerer «Inn på Tunet»-metodikk og grøn omsorg med produksjonsskulemodellen.

Avgrensing

Produksjonsskulen skal ikkje vere ein behandlingstilsetning. Det er ikkje tenkt tilbod til ungdom med tung rus og psykisk helseproblematikk. Ungdomen må kunne bidra til ein aktiv produksjon, slik målsettinga med ein produksjonsskule tilseier.

Interessentanalyse

Dei 5 viktigaste samarbeidspartnarane/ interessentane:

Interessent	Tenkelege bidrag	Krav/ forventningar til prosjektet	Handtering
Ungdom i Hordaland og andre vestlandsfylke som har eit oppfølgingsbehov. Førebyggjande.	Delta i prosjektet og påkople forskingsprosjekt.	Prosjektet skal bidra til at dei kjem seg ut i arbeid, tilbake i utdanning og gje meistringskjensle.	Tilbod om produksjonsskule inntil eitt år på ein eller fleire verkstader.
Hordaland fylkeskommune inkl. OT/PPT + evt. Rogaland og Sogn og Fjordane	Finansiering/prosjektleiing/ prosjektgruppe/styringsgruppe Rekruttering.	Redusera og motverka fråfall i ungt utanforskap og i den vidaregåande skule.	Delta på møte i nemnde grupper. Jamlege møte mellom prosjektleiar og OT/PPT. Jamleg rapportering.
Ulvik herad	Finansiering/ prosjektgruppe/ styringsgruppe. Inkludere og integrere ungdom i organisasjonslivet. Praksisplassar for ungdomar. Kjøp av varer/tenester frå produksjonsskulen.	Skape arbeidsplassar og auka aktivitet i heradet. Samfunnsansvar.	Folkemøte ved prosjektstart for å sikre informasjonsflyt og gje alle moglegheit til å bidra inn i prosjektet.
Kunnskapsdepartementet	Finansiering/ styringsgruppe	Redusere fråfall i vidaregåande skule på nasjonalt nivå. Leggje grunnlaget for ein nasjonal overførbar modell.	Delta i nemnde grupper. Jamleg rapportering.
UiB/Uni Research Røkkansenteret.	Forskning	Underskje potensialet til produksjonsskular som tilbakeførande tiltak	Delta i FoU-arbeidet gjennom heile prosessen

Risikovurdering

- Personleg tilrettelegging til kvar enkelt ungdom.
- Rekruttering av rett personell og verkstadeleiarar.
- Finansiering for prosjektperioden? Gjennomføring av pilotprosjektet treng eit breitt spleiselag mellom nasjonalt og regionalt nivå. Dette både pga. kostnader og pga. ungdomen korkje har elevstatus eller rettigheter frå NAV.

Aktivitetsplan (Internt bruk)

Når:	Kva:
Vår 2016	Løse finansieringsnøkkel og kontakt med aktuelle samarbeidspartnarar
	Orientering og forankring politisk
Juni 2016	Politisk vedtak på vidare utgreiing fram til skulebruksplansak i oktober.
Oktober 2016	Politisk vedtak. Lysa ut dagleg leiar.
Vinter 2016	Opprette styringsgruppe og referansegruppe
Vår 2017	Tilsetting av personale/ investeringar og utbygging
Haust 2017	Oppstart produksjonskule
Haust 2017	Igangsett forskingsprosjekt med finansiering (6mill?)
Halvårlege	Rapportering/ Evaluering
Vår 2021	Sluttevaluering

Tidsplan

Oppstart oktober 2016 - juni 2021

Plan for kommunikasjon og rapportering

Ressursberekning

Direkte driftskostnader knytt til Hjeltnes produksjonskule med eit fullverdig døgntilbod er rekna til ca. **13,6 mill i året, i fire år**. I tillegg kjem naudsynte investeringar i verkstad og bygg før skulestart i 2017/2018

Sjå vedlegg for driftsbudsjettoversikt.

Forskningsprosjektet vil ha behov for ei separat støtte, rekna til 2 mill. knytt til eit forskingsinstitutt.

Organisasjon (*Internt- ynskjer innspel her*)

- Oppdragsgjevar: Kunnskapsdepartementet
- Prosjekteigar og –ansvarleg: Hordaland fylkeskommune

- Styringsgruppe: Hordaland fylkeskommune, Ulvik herad, Kunnskapsdepartement/Utdanningsdirektoratet, UiB, NAV
- Prosjektleder: Hordaland Fylkeskommune
- Prosjektgruppe: HFK v/ fylkesdirektør for opplæring, Dagleg leiar ved produksjonsskolen på Hjeltnes, Ulvik herad, NAV
- Referansegruppe: Kommunal og moderniseringsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, IpT, FoU miljø, HFK regionalavdelinga, Fylkesmannen, andre fylker

Korleis prosjektet heng saman med andre oppgåver/aktivitetar

Fylkestinget i Hordaland vedtok som ein del av skulebruksplanen i 2014:

«Hjeltnes vgs vert oppretthalden som eiga eining til 2016, jfr. punkt 6c. HFK set i gang eit prosjekt/ mogelegheitsstudie med føremål å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet på Hjeltnes vgs, og tek kontakt med Ulvik herad og dei ulike næringslivsorganisasjonane for samarbeid.»

På bakgrunn av den politiske bestillinga frå fylkestinget, oppretta fylkesrådmannen ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe for «*Moglegheitsstudie på Hjeltnes*» (Sjå vedlegg).

Prosjektgruppa kom fram til fire konkrete område Hjeltnes kan bidra med knytt til berekraftig regionalutvikling:

- «1. Ta vare på og vidareutvikle grøn kunnskap og kompetanse.
2. Stimulere matsatsinga og lokal matproduksjon i Hordaland.
3. Bidra med tiltak mot ungt utanforskap og løfte fram den helsefremjande skulen.
4. Auka attraktiviteten i indre Hordaland og styrke regionen.»

På bakgrunn av dette vert det fokusert på Produksjonsskule og fråfallsutfordringa Hordaland står ovanfor. Det regionale utviklingsprosjektet har særst fokus på lokalmat-produksjon, reiseliv og kompetanse innanfor dessa faga.

Gründerverksemd og entreprenørskap som metode:

Fokus på omstilling og nyskaping er eit av dei viktigaste fokusområda for Vestlandet. I tråd med det naudsynte grøne skifte i både næringsliv og forvaltning, vil innovasjon og menneskeleg skaparkraft vere avgjerande for å utvikle nye berekraftige grøne næringar.

Ved å oppmoda, inspirere og rettleia til deltaking og ansvar, vil ein kunna så ei spire til engasjement. Uansett kva for studieretning eller yrkesfag ein vel å gå vidare med etter opphaldet på Hjeltnes, så er det ein grunnleggande kompetanse å sjå prosessen og oppleve gjennomføringsevne. Meistring gjev sjølvtilit og sjølvverd.

Som eit overordna heilskapleg styringsverktøy er Ulvik herad godkjent som Cittaslow kommune; ei satsing og verdsetjing av det gode liv, berekraftig utvikling og eit samfunn basert på økologi og lokal produksjon/tradisjon.

Kjelder:

- Aktivitetutvikling på produksjonskolerne i 2014, Produksjonsskole Foreningen, februar 2015
- Ellingsen, J. (2015) Utvikling i uføretrygd per 30. september 2015. Notat. Arbeids og velferdsdirektoratet
- Falch, T., Johannesen, A. B. og Strøm, B. (2009), Kostnader av frafall i videregående opplæring, Senter for økonomisk forskning AS
- Falch, T. og Nyhus, O. H. (2011) Betydningen av fullført videregående utdanning. Søkelys på arbeidslivet 4, 285-301
- Halvorsen, B., hansen, O. J. og Tåtstrøm, J. (2012) Unge på kanten (sammendrag) Om inkludering av utsatte ungdommer Nord 2012:004
- Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet (2012) Inn på tunet nasjonal strategi
- Hysing, M. , Sivertsen , B., Stormark, K.M og O'Connor, R. O. (2015) Sleep problems and self-harm in adolescence The British Journal of Psychiatry, **DOI:** 10.1192/bjp.bp.114.146514
- Raaum, Johan (2014) 'Program for bedre gjennomføring i videregående opplæring', Kunnskapsdepartementet, presentasjon Grand hotell 6. oktober 2014
- Sempik, J., Hine, R. og Wilcox, D. (2010) Green Care: A conceptual framework A report of the working group on health benefits of green care. Cost report. Loughborough University
- Søvn
 - <http://uni.no/nb/news/2015/07/30/unge-sovnproblemer-selvskader-seg-oftere/>
 - <http://uni.no/nb/news/2015/06/15/sovnforsker-med-vekkere-om-unges-sovn/>
- Rita Agdal Hib
 - <https://www.cristin.no/as/WebObjects/cristin.woa/wa/personVis?type=PERSON&pnr=610871&la=no&instnr=203>
- NY GIV rapporten:
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/kampanjer/nygiv/oppfoelgingsprosjektet/eval_oppfolgingsprosjektetnova21nov2013.pdf

Vedlegg

- A. Verkstadoversikt
- B. Kostnadsoversyn

Vedlegg A: Verkstader og innhald

1. Mat og grønt, NA og MA

Det er stor interesse for mat knytt opp mot helse, og blant ungdomar. Mange har og eit problematisk forhold til mat. Her får dei praktisk erfaring med dyrking, foredling og tillaging av mat. Mat og kunnskap om mat er ein veksande trend. Ungdom som er oppteken av å handla rett ut frå eit miljø- og klimaperspektiv, vil ha glede og nytte av å kunna delta i produksjonen. Det vil vera kunnskap dei kan bruka uansett kva yrke og jobb dei vil ha seinare.

Verkstaden vert lokalisert med base i veksthusanlegget i Holmen. Her er det garderobe, matrom, klasserom og arbeidsrom. Plasseringa vil bli meir synleg og gje grunnlag for auka besøk og elevbutikk .Det vil og vera aktuelt å produsera matvekster i huset vinterstid for å utvida sesongen. Det er stor interesse for mat knytt opp mot helse, og blant ungdomar. Mange har og eit problematisk forhold til mat. Her får dei praktisk erfaring med dyrking, foredling og tillaging av mat. Mat og kunnskap om mat er ein veksande trend. Ungdom som er oppteken av å handla rett ut frå eit miljø- og klimaperspektiv, vil ha glede og nytte av å kunna delta i produksjonen. Det vil vera kunnskap dei kan bruka uansett kva yrke og jobb dei vil ha seinare.

Frukt og bærhagen vil gjennom året gje ulike arbeidsoppgåveråver som hausting, beskjæring, planting og tynning. Vidareforedling og sal av eigne produkt frå produksjonsskulen vil vera ei viktig oppgåve haust og vinter. Denne verkstaden vil ta i bruk løa for å kunna gje ungdomen erfaring med dyrestell og produksjon av t.d. egg og honning og sau. Denne kan samarbeida med fagskulestudiet «Lokal gastronomi» om bruk av øvingskjøkkenet. Sidan skulen driv internat og kantine vil dette vera aktuelle arenaer å bruka til produksjonsskulen og leverandør av frukt og grønt.

Hjeltnes vgs er med i eit forskingsprosjekt om Aqua Ponics leia av Norsk institutt for vannforskning (NIVA). Aqua Ponics som i korte trekk er eit lukka system der akvarium med fisk er koplå saman med dyrkingskar for plantar. Einaste tilførte næring er fôr til fisken, plantene lever av næringsstoffa i vatnet frå fiskeproduksjonen som sirkulerer i heile systemet. Pilotprosjekt med trøffel dyrking i Norge er på trappene i samarbeid med Nordic Truffel A/S og Deutche Truffelbaume. Det kan gje 3 aktuelle produksjonar som trøffelplantasje med hassel, produksjon av hassel med trøffelsmitte og trøffelproduksjon i veksthus. Prosjektet krev finansiering frå eksterne partnarar.

Bergen har i 2015 blitt godkjend som UNESCO City of Gastronomy. Her har Hardanger mykje å hente på synleggjering av matproduksjon og foredlingskompetanse i distrikta. Hjeltnes kan vere med å stø opp om dette saman med utdannings fagskulestudiet Lokal Gastronomi.

2. Maskin, anlegg, skog og landskap (Uteverkstad) - NA- BA

Maskiner og alt som durar og går har stor appell til mange ungdomar. På verkstaden kan dei skaffa seg sertifisering på fleire maskiner som er ein heilt konkret kompetanse. Dei vil ha høve til å bruka kroppen sin for å skapa noko konkter i standen for passiv i eit klasserom. Det å vera i fysisk aktivitet og vera ute i frisk luft vil virka positivt på psykisk og fysisk helse

Verkstaden vert lokalisert i maskinverkstaden i Holmen. Her er det garderobe, lite klasserom og verkstadar. Produksjonen vert drift og vedlikehald av grøntanlegg, t.d. bade- og idrettsbane, parken på Hjeltnes, private hagar eller offentleg anlegg i regionen. Ein vil kunna gje sertifisert opplæring på masseforflyttingsmaskiner og truck, øving på traktor og handtering av reiskap. Vinterstid kan ein produsera hageelement som t.d. helleplassar. Samarbeidspartar vert lokale entreprenørar, kommunar og private personar i Hardanger. Maskiner og alt som durar og går har stor appell til mange ungdomar. På verkstaden kan dei skaffa seg sertifisering på fleire maskiner som er ein heilt konkret kompetanse. Dei vil ha høve til å bruka kroppen sin for å skapa noko konkret i standen for passiv i eit klasserom. Det å vera i fysisk aktivitet og vera ute i frisk luft vil virka positivt på psykisk og fysisk helse.

I tillegg skal dei vera ute i skog, kulturlandskap, fjell og fjord og i eigen skogplanteskule. Ein vil samarbeida tett opp mot skogeigarar og kommunane i regionen. Etterspurnaden etter skogplantar er aukande p.g.a. stor hogst og store areal som skal til plantast. Skulen har vorte kontakta av kundar i nabofylket med ynskje om langsiktige leveringsavtalar på granplanter. Skognæringa på Vestlandet har interesse av at produksjonen ved skogplanteskulen vert oppretthalden og utvida. Skulen er no den einaste som produserer skogplantar på Vestlandet, men me er sårbare pga liten produksjon og prispress frå store produsentar på Østlandet. Produksjonen vil i tillegg vera oppgåver innan skogsskjøtsel, kulturlandskapspleie, fiskeforvaltning og vedproduksjon. Vinterstid er det og aktuelt med produksjon innan byggfag, t.d. reiskapsbod, bosstativ mm.

3. Designverkstad- DH

Verkstaden skal gje skaparglede og opplevinga av det å få laga noko med egne hender, gje dei oppleving av å lykkes med konkrete prosjekt. Handverk er lite vektlagt i grunnskulen og dei fleste ungdomar har ingen erfaring med manuelt arbeid. Denne kunnskapen skal og lærast på ein annan måte, gjennom handling og øving. Mange vil her kunna visa fram eit talent dei ikkje visste dei hadde.

Verkstaden vert lokalisert i Raudebygget med base i vinterhagen. Produksjonen her er handverk av ulikt slag som keramikk, saum, lysstøyping, glassblåsing hjå lokal glasblåsar, produksjon av interiør knytt til hage, redesign av klede, dekorering til arrangement m.m; avhengig av kva fag / røynsle verkstadleiar har. Produkta kan seljast på messer, i skulebutikk og lokalt utsalsstad for kunsthåndtverkarar i bygda- Handelslaget i sentrum. Det vil vera naturleg å søkja samarbeid med lokale kunstnarar og brukshandverkarar i Ulvik og Hardanger.

4. Kreativ verkstad

Erfaring frå Hyssingen viser at det er lett å rekruttera til denne type verkstad, mange ungdomar er interessert i å jobbe med film , fotografering og animasjon.

Skrijving, teikning og ulike kunstformer vil og vera aktuelle aktivitetar, kanskje særleg for jenter. Dei vil gjerne vera på eit kreativt område ei stund, for å finna ut meir om seg sjølv. Introverte jenter som har falle ut på grunn av store krav til seg sjølv og utfordrande sosialt miljø, vil her bli ivareteken i eit miljø der dei kjenner seg trygge og der dei kan utvikla egne

ferdigheter og talent. I Ulvik finst mange gode samarbeidspartar på område som Haugesenteret og fleire biletkunstnarar.

Studieverkstad som fellestilbod:

Studieverkstaden skal vera eit tilbod for alle i produksjonsskulen, både i grupper og som enkeltelevar. Undervisninga skal bygga på NyGiv-metodikk og organisering, og tilbydast i fellesfag norsk, engelsk, samfunnsfag, naturfag og matematikk. Emna kan vera alt frå grunnleggjande lese- og skriveopplæring, grunnleggjande rekneferdigheiter til førebuing til privatisteksamen i fag. Undervisninga må vera retta mot den enkelte ungdom sitt behov og nivå.

Vedlegg B: Kostnadsoverslag

BUDSJETT PRODUKSJONSSKULEN HJELTNES							
			Mat og grønt	Ute verkstad	Design	Kreativ	
	Adm	Stab	NA/MA	NA/BA	DH	KDA/MK	
Løn daglig leiar	820						
Løn verkstadleiar			600	600	600	600	
Løn assistent			490	490	490	490	
Løn fagarbeidar				490			
Løn stab 2 stillingar, kontor og gardstyrar		1200					
Løn reinhald 1 stilling		500					
Driftskostnad		1000	350	1600	200	200	
Straum og kom avgifter		200	200	100	50	50	
Sum kostnader	820	2900	1640	3280	1340	1340	
Inntekter			550	2200	200	200	
Netto drift	820	2900	1090	1080	1140	1140	8170

Det er prosjektert 4 verkstader med 10-12 ungdomar i kvar.

Bemanning: verkstadleiar og assistent.

"Uteverkstaden" er bemanna med 1 fagarbeidar i tillegg fordi her inngår skogplanteskulen og drift av idretts- og badeanlegget i Holmen for Ulvik herad.

Som administrativt stab er rekna ein på kontoret (som og vil dekke dei andre aktivitetane på Hjeltnes) og gardsstyrar som skal ha det overordna ansvaret for heile garden.

INTERNAT							
Løn kokk	520						
Løn Internatleiar / kjøker	520		noko arbeid på kveldstid				
Løn Miljøfagarbeidar	1000		200% på ettermiddag / kveld				
Løn nattevakt internat	1450		290% stillingar, inkl helg				
Helg, miljøfagarbeiar	500		1 helg = 37,5 timar , langturnus				
Løn reinhald 1 stilling	500						
Drift kantine	700		inkl straum / kom avg 200 000				
Drift internat	450		inkl straum / kom. avg kr 200 000 og aktivitetsbudsjett miljøarbeidar kr 100 000				
Sum kostnader	5640						
Inntekter	200						
Netto drift	5440						

Tilsette kokk har ansvar for kantina og ein assistent i halv stilling + ungdomar som td går kvar sine veker.

Internatleiar i halv stilling (kombinert med kjøkkenassistent) har ansvar for internatdrifta og har noko av arbeidstida si på ettermiddagstid.

Miljøfagarbeidar i 2 halve stillingar på ettermiddag/ kveld + nattevakt.

Internatet skal vere ope i helgene, med ein vaksen vaken nattevakt til stades i langturnus. Ein kan då få til aktivitetar og turar på laurdagar og med tilsyn søndag.

Vaken nattevakt er naudsynt for å ivareta ungdommen sitt behov for omsorg, nærvær og oppfølging frå ein vaksen på kvelds/ nattestid.

For å gjennomføre forskingsprosjektet er det naudsynt med om lag 3 mill. til administrative og ressurskostnader i samarbeid med ekstern FoU miljø.